

## Forvaltningsplan for grågås i Bømlo kommune 2024-2028

**FAUN RAPPORT R05 | 2024 | Viltforvaltning | Morten Meland & Ole Roer**

Oppdragsgjevar: Bømlo kommune



Foto: Espen Bore Hollund

**Tittel**

Forvaltningsplan for grågås i Bømlo kommune 2020-2024

**Rapportnummer**

R05-2024

**Forfattere**

Morten Meland og Ole Roer

**Årstall**

2024

**ISBN**

978-82-8389-170-6

**Tilgjengelighet**

Fritt

**Oppdragsgiver**

Bømlo kommune

**Prosjektansvarlig oppdragsgiver**

Berit Halleråker

**Prosjektleder i Faun**

Morten Meland

**Kvalitetssikret av**

Ole Roer

**Emneord**

Grågås, beiteskadar, forvaltningsplan

**Antall sider**

19

Forsidefoto: Grågås på Kjølen, 21. mars 2019,  
Fotograf: Espen Bore Hollund

**Samandrag**

Bømlo kommune har opplevd ei kraftig auke i bestandane av grågås (*Anser anser*) i seinare år. Den kraftige auka i bestandsstorleik har ført til aukande konflikt i landbruket på Bømlo, særleg dei siste fire-fem åra.

På bakgrunn av dette vart Faun Naturforvaltning engasjert av Bømlo kommune for å utarbeide ein forvaltningsplan for grågås. Føremålet med planen er å forvalte grågåsa på ein berekraftig måte og halde bestanden på eit akseptabelt nivå.

For å nå måla i planen er det lista opp fleire tiltak med ulike prioriteringar. Etablering av friområde, tidleg jakt og auka kartlegging har høgast prioritet i planperioden.

Opphøveleg plan vart utarbeida i 2019. Planen vert no oppdatert for ny planperiode, med bakgrunn i førre plan.

*Meland, M. og Roer, O. 2024. Forvaltningsplan for grågås i Bømlo kommune 2024-2028. Faun rapport R05-24. Faun Naturforvaltning*

## Forord

Bømlo kommune har hatt aukande utfordringar med grågås som beiter på landbruksareal i dei seinare åra. Våren 2019 vart Faun Naturforvaltning engasjert av Bømlo kommune for å utarbeide ein forvaltningsplan for grågås. Føremålet med planen var å forvalte grågås på ein berekraftig måte og halde bestanden på eit akseptabelt nivå. Det er viktig at føreslegne tiltak vert satt i gong og seinare evaluert opp mot dei fastsette målsetjingane.

Forvaltningsplanen vert no fornya i 2024, med nokre presiseringar. Oppbygging av strukturen i planen er likevel mykje den same.

Takk til Bømlo kommune v/ Berit Halleråker og Njål G. Slettebø for arbeidet med planen. Ein takk rettast også til deltakarane som møtte på arbeidsmøtet oktober 2019, samt innspel frå gardbrukarane med beiteskadar.

Me vonar rapporten kan utgjere eit utgangspunkt for ei vidare forvaltning av grågås på Bømlo.

Sveio, 19. februar 2024



Morten Meland

## Innhald

|                                                            |    |
|------------------------------------------------------------|----|
| Forord .....                                               | 3  |
| Innleiing .....                                            | 5  |
| Forvaltningsrammer .....                                   | 6  |
| Kunnskapsgrunnlaget .....                                  | 6  |
| Biologi .....                                              | 6  |
| Sosial struktur og trekkmonster .....                      | 6  |
| Bestandsstorleik .....                                     | 8  |
| Konfliktar mellom grågås og andre samfunnsinteresser ..... | 10 |
| Landbruk .....                                             | 10 |
| Friluftsliv .....                                          | 11 |
| Mål .....                                                  | 12 |
| Tiltak .....                                               | 13 |
| Ordinær jakt .....                                         | 14 |
| Tidleg jakt .....                                          | 14 |
| Friområde .....                                            | 15 |
| Skadefelling .....                                         | 15 |
| Eggsanking .....                                           | 16 |
| Inngjerding .....                                          | 16 |
| Skremmetiltak .....                                        | 17 |
| Kartlegging og overvaking .....                            | 17 |
| Konklusjon .....                                           | 18 |
| Litteratur .....                                           | 19 |

## Innleiing

Bestandane av grågås (*Anser anser*) i Europa har auka kraftig i storleik dei siste tiåra, og i Europa overvintrar rundt 3 millionar gjess kvart år. Mykje av den same veksten i grågåsbestandane har ein observert i Noreg i same periode. I 2015 vart den norske grågåsbestanden anslått til 18 000 – 21 000 par (Shimmings & Øien 2015). Bestandsestimater i Hordaland tilseier at det finst om lag 1000 hekkande par med grågås i regionen.

Bømlo kommune har og opplevd ei kraftig auke i bestandane av grågås dei seinare åra. Frå å ha sporadiske hekkingar på holmar og øyer, har grågåsa etablert seg som ein fast hekkefugl, særleg på øyene og områda i vestre del av kommunen.

Den kraftige auka i bestandsstorleik har ført til aukande konflikt mot fleire samfunnsinteresser, og det er beiteskadar på landbruksareal i vekstsesongen som forårsakar dei største økonomiske utfordringane for bøndene (Fox m. fl. 2016). Det er særleg dei siste to åra at bøndene på Bømlo har erfart ei auke i omfanget av beiteskadar forårsaka av grågås.

På bakgrunn av dette vart Faun Naturforvaltning engasjert av Bømlo kommune for å utarbeide ein forvaltningsplan for grågås. Føremålet med planen er å forvalte grågås på ein berekraftig måte og halde bestanden av gås på eit akseptabelt nivå. For å oppnå dette lyt ein fyrst gjeve ein status over gåsebestanden og viktige hekkeområde, samt skildre omfanget av gåseskader i kommunen. For å nå målsettingane i planen vert det lista opp tiltak med prioriteringar som skal vektleggast i inneverande planperiode (2024-2028).

Innhaldet i planen byggjer på kunnskap innhenta gjennom fleire kjelder, mellom anna 1) synfaring i juni 2019 hjå bøndene som har meldt om beiteskadar frå grågås (Håkon Staveland, Eivind Nesse, Jan Sigve Særsten, Runar Aga og Rune Nordtun), 2) samtale med BirdLife Sunnhordaland v/ Odd Halleråker (den gong NOF) 3) arbeidsmøte oktober 2019 med følgjande deltakarar: Faun v/ Morten Meland, Bømlo kommune v/ Njål G. Slettebø, Bømlo Bondelag v/ Runar Aga, Bømlo – Stord Bonde- og småbrukarlag v/ Svein Trygve Larsen, Bømlo Jakt- og Fiskelag v/ Ivar Turøy, Bømlo Naturbruksutval v/ Miriam Sortland, grunneigar Håkon Staveland og BirdLife Sunnhordaland (den gong NOF) v/ Odd Halleråker og Gunnar Olsen, 4) registreringar/fugleteljningar gjort av frivillige i NOF og 5) supplerande informasjon og kart frå Berit Halleråker i Bømlo kommune.



**Foto:** Grågåsungar ved Klungervika, Hiskjo, datert 27. mai 2019. Fotograf: Espen Bore Hollund

## Forvaltningsrammer

Fordi grågåsa tek i bruk store områder på tvers av landegrenser vert ho omfatta av ein rekke internasjonale konvensjonar, til dømes Bonnkonvensjonen, Bernkonvensjonen, Ramsarkonvensjonen og Biodiversitetskonvensjonen. Ho vert og forvalte gjennom nasjonale rammer, mellom anna naturmangfaldlova, viltlova og lokale verneforskrifter. Desse rammene legg føringa for forvaltningsrammene av grågås i Bømlo kommune. For detaljer kring rammeverket og anna lovverk visar me til dømes til «*Forvaltningsplan for gjess i Hordaland*» (Steinsvåg 2008).

## Kunnskapsgrunnlaget

### Biologi

Grågås er ein andefugl som er tilpassa eit liv nær vatn, og livnærer seg på vegetativ føde. Fuglane vert vanlegvis forplantningsdyktig etter 2-3 år. Om lag halvparten av alle grågåspar har mislykka hekking, og hekkesuksessen er særleg låg dei fyrste åra fuglane er kjønnsmodne. Grågåsa legg vanlegvis 4-6 egg på bakkenivå, som vert ruga i 27-29 døgn. Ungane vert flygedyktige i si 10. leveveke.

### Sosial struktur og trekkemønster

Bestanden «vår» har dei viktigaste vinterområda sine i mellom anna Spania, Frankrike og Nederland (Powolny m. fl. 2018), medan enkelte individ kan overvintrare i Noreg (del av den islandske bestanden). Det er her ikkje utenkeleg at talet på grågås som overvintrar kan auke ettersom vintrane vert stadig mildare.


I Noreg hekker grågåsa langs heile kysten frå Sørlandet til Finnmark. Historisk sett har grågåsa kome til Sør-Vestlandet og Bømlo i mars.

I dei siste 2-3 åra har ein observert flokkar med grågås på Nordtun og Kjølen både i desember og tidleg i januar. I 2019 vart fyrste observasjon av grågås på Bømlo meldt inn 17. februar, medan grågås vart observert 1. januar i 2022 og 2023 ([www.artsobservasjoner.no](http://www.artsobservasjoner.no)) (Figur 1). Mykje av observasjonane som vert gjort, spesielt tidleg om våren, er ikkje-hekkande fugl. Ein del av desse er rastande fugl med hekkeområde lengre nord, som nyttar kommunen som midlertidig kvileplass. Samla sett utgjer dette truleg fleire hundre fugl kvart år.

Ein kan skilje grågåsa i to livssituasjonar/grupper:

- Hekkande gjess (kullgås)
- Ikkje-hekkande gjess (gjellgås)


Hekkande gjess er par med ungar medan ikkje-hekkande gås omfattar gjess som ikkje er forplantningsdyktige (normalt ein- og toåringar), samt eldre fugl som har hatt mislykka hekking. Sistnemnde held seg normalt i større flokkar, medan hekkande fugl fordelar seg ut i terrenget då dei startar hekking. Frå midten av juni trekker dei ikkje-hekkande fuglane vekk til «myteplassar» for å skifte vengefjører. I denne perioden (om lag 3-4 veker) er ikkje fuglane flygedyktige. Dei returnerer vanlegvis til beiteområda rundt midten av juli. Hekkande fugl held seg i hekkeområdet gjennom heile mytinga og vert flygedyktige igjen om lag parallelt med ungene.



**Figur 1.** Tidspunkt for første observasjon av grågås om våren (svart strek), første observasjon av pulli/årsungar (raud strek) og siste observasjon (kvit strek) av grågås på Bømlo i perioden 2010-2023/2024. Henta frå [www.artsobservasjoner.no](http://www.artsobservasjoner.no).

Som ein konsekvens av at grågåsa kjem tidlegare om våren, synast og hekking å ha starta tidlegare enn før. Observasjonar frå BirdLife Norge syner at årsungane av grågås på Bømlo vert første gong observert i slutten av april eller i starten av mai dei siste åra (Figur 1). I 2022 vart registrert observasjonar av årsungar av grågås på Bømlo den 30. april. Den same trenden, med tidlegare hekking ser ein andre stadar i Norges, til dømes på Vega der ein meiner klekkinga startar 3-4 ukar tidlegare no enn på 1970-talet (Bentsen 2018).

Tidlegare hekking betyr også at ungane vert flygedyktige på eit tidlegare tidspunkt enn før. Ein har soleis erfart at gås har starta hausttrekket tidlegare og tidlegare. Talet på observasjonar av grågås etter det vert opna for ordinær jakt på grågås 10. august har vore svært låg dei siste åra (Figur 2).



**Figur 2.** Tal individ observert i løpet av 2023 i Bømlo kommune. Henta frå [www.artsobservasjoner.no](http://www.artsobservasjoner.no).

### Bestandsstorleik

Fleire metodar kan nyttast for å estimere talet på hekkande par med grågås i eit avgrensa område (Shimmings & Heggøy 2017). Dei vanlegaste er: 1) Teljing av par før egglegging, 2) teljing av reir, 3) teljing av par med ungar nokre veker etter klekking, 4) teljing av tal ungfugl når ungane vert flygedyktige og 5) estimere talet på hekkande par basert på tettleiksdata. I denne planen har me i hovudsak nytta metode 3 der målet har vore å få eit minimumsestimat på talet vellykka hekkande par på Bømlo. Observasjonar frå [www.artsobservasjoner.no](http://www.artsobservasjoner.no) for 2019 er samanstillt på datonivå og område, og ligger til grunn for eit minimumsestimat for hekkande par (Figur 3). Ein del av observasjonane skil mellom vaksen fugl og årsungar/pulli. I tilfelle der det berre er rapportert tal årsungar, er det på bakgrunn av andre undersøkingar lagt til grunn eit kyllingtal på 3,25 ungar per kull som grunnlag for å estimere tal hekkande par.

Basert på registreringane var det i 2019 berekna minimum 33 hekkande par av grågås på Bømlo. Me påpeikar at dette estimatet må behandlast som eit absolutt minimumstal, ettersom tala berre er basert på observasjonar i avgrensa områder i kommunen.


Kjøl-området er truleg blant dei viktigaste hekkeområda for grågåsa i kommunen. Her vart det på det meste registrert 60 årsungar 21. mai 2019. Nokre dagar tidlegare vart det totalt rapportert 133 fugl (både vaksenfugl og ungar) i same område. Ut ifrå dette kan ein rekne med at det var minimum 20 hekkande par med grågås i dette området. Andre områder som Hiskjo, Fylkesnes og Geitung med tilhøyrande område utgjer truleg og viktige hekkeområde. Det er og registrert hekkande par med ungar i Storavatnet og Selsvatnet i 2022. Tidlegare registrerte hekkeområde omfattar øyane Hamnøy, Låttersøy-området, Olvondo, Lyngøy og Otterøy (Steinsvåg 2008).

I 2023 føreligg det berre få registreringar som skil på vaksen fugl og årsungar. I Kjøl-området er det rapportert 18 årsungar som høgaste tal, som kan indikere minimum 5-6 hekkande par i dette området. På generelt grunnlag kan den nedgangen i dei observerte tala skuldast ei auke i dødelegheit/predasjon og eller skifte av hekkeplass (Arne Follestad pers. medd.). Det er også mogeleg at observasjonane ikkje fangar opp dei faktiske bestandstilhøva. Som følge av avgrensa mengde data har ein for det siste året ikkje berekna talet på hekkande par av grågås på Bømlo.

På generelt grunnlag er tilgang på hekkeplassar og gode habitat truleg dei viktigaste faktorane som regulerer vidare bestandsvekst av grågås, sjølv om påverknadsfaktorar i overvintringsområda også er av betydning. Dei beste hekkeplassane er som regel «okkupert» av etablerte par gjennom fleire hekkesesongar. Førebels har me ingen grunn til å tru at tilgang på hekkeplassar avgrensar vidare bestandsvekst på Bømlo.



**Foto:** Grågåsungar ved Hiskavegen, Kjølområdet den 7.mai 2019. Fotograf: Espen Bore Hollund



**Figur 3.** Hovuddelen av registreringane av grågås (antall observasjons-punkter) i 2019 (øvre figur) og 2023 (nedre figur) på Bømlo. Grøne sirkclar er offentlege funnplassar medan gule sirkclar er private funnstadar. Sirklane viser registrerte forekomstar men fortel ingenting om talet på fugl registrert per forekomst. Kartutsnitt henta frå [www.artsobservasjoner.no](http://www.artsobservasjoner.no).

## Konflikter mellom grågås og andre samfunnsinteresser

### Landbruk

Konfliktane med grågås rettar seg i all hovudsak mot landbruket i form av direkte avlingstap og sekundære beiteskadar. Grasartar som timotei, engsvingel og raigras er særleg ettertrakta for grågåsa, og dermed mest utsett for skade. Beiteskadane gjer seg og gjeldande i form av redusert forkvalitet som følge av avføring, samt nedtrakking av gras.

I 2019 vart det rapport om skade årsaka av grågås i aukande omfang fleire stadar, mellom anna Sønstabø, Nordtun, Fylkesnes, Sæverud og Rubbestad. Her er det dokumentert betydeleg skade hos fleire gardbrukarar (Figur 4). I tida etter 2019 er det meldt om beiteskadar sørvest på Hiskjo, ved Erslandsvatnet og Alvsvågvatnet.



**Figur 4.** Gardsbruk i Bømlo med dokumentert beiteskade frå grågås (raude sirklar) våren-sommaren 2019. Kart frå [www.kilden.nibio.no](http://www.kilden.nibio.no).

På bakgrunn av trekkmonsteret til grågåsa inntreff hovuddelen av beiteskadane på spirande gras om våren, og avlingstapet vert difor ekstra stort. Den andre skadeperioden inntreff i tida etter at ikkje-hekkande fugl returnerer frå mytinga rundt midten av juli og fram mot hausttrekket startar i august. På bakgrunn av lokale tilbakemeldingar var gardbrukarane nær Kjølo-området særleg skadelidande våren 2019, medan dei lokale beiteskadane på Fylkesnes og Sæverud vart opplevd som høgare året før.



**Foto:** Kjøloområdet på Bømlo utgjer eit attraktivt område for grågås og er truleg det viktigaste hekkeområdet i kommunen. Samstundes er konfliktnivået mot landbruket også høge. Fotograf: Morten Meland.

### **Friluftsliv**

Badeplassar og friluftsområde kan vere attraktive beiteområde for grågås. Desse områda vert kjenneteikna av kort avstand til vatn/kyst, ofte tilsådd næringsrik gras/plen og potensiell tilgang på mat frå menneske/friluftsbrukarar. Her kan ein sjå føre seg at gåseavføring spesielt kan gjeve grunnlag til konflikt mellom brukarane av badestrender og nærmiljøet. Det er per i dag begrensa kunnskap om i kva grad grågås kan spreie sjukdommar gjennom avføring.

For Bømlo sin del er det i fyrste rekkje friluftsområdet på Hiskjo som er vurdert som mogeleg «problemområde». Førebels har me ikkje registrert at grågåsa har vore eit problem innanfor friluftsområda i kommunen.

## Mål

I forvaltningsplan for gås i Hordaland (Steinsvåg 2008) vert det presentert nokre hovudmålsetjingar som bør vere rettleiande rammer for lokale mål i kommunane:

- *Heimehøyrande gåseartar skal sikrast i levedyktige bestandar. Deira leveområde skal sikrast på både kort og lang sikt. Vidare naturleg ekspansjon og utbreiing skal tillatast.*
- *Bestandane av gress i Hordaland bør i avgrensa og særleg konfliktfylte område tilpassast og stabiliserast slik at beiteskader på innmark, tilgrising av badeplassar/friluftsområde vert liggjande på eit akseptabelt nivå. Slike konfliktområde med tilhøyrande målsetjingar bør definerast i lokal forvaltningsplan så langt som råd.*
- *Forvalting av gås i Hordaland skal vera målstyrt. Målsetnad for nivå på lokal gåsebestand i skadepressa område, samt akseptabelt skadeomfang, skal definerast i lokal forvaltningsplan. Lokal forvaltningsplan skal godkjennast av fylkesmannen.*

På bakgrunn av desse tre regionale målsettingane fastset Bømlo kommune følgjande hovudmål med tilhøyrande delmål:

### Hovudmål

«Bømlo kommune skal oppretthalde ein levedyktig bestand av grågås. Storleiken på bestanden skal til ei kvar tid vere tilpassa det naturlege beitegrunnlaget der skadenivået skal haldast på eit akseptabelt nivå».

### Delmål

For å nå hovudmålet i planen vert fylgjande delmål lagt til grunn:

- Redusere bestanden av grågås i til eit akseptabelt nivå i løpet av perioden 2024-2028
- Auka kunnskapsgrunnlaget i høve bestandsstorleik
- Fastsette bestandsmål for grågås (hekkande par) på bakgrunn av innhenta kunnskap
- Søka å ha ei så effektiv jakt som mogeleg

## Tiltak

Grovt sett kan ein skilje mellom bestandsregulerande tiltak og konfliktdempande tiltak. Fyrstnemnte bør vektleggast. For å nå hovudmåla i forvaltningsplanen vert fylgjande tiltak prioritert (Tabell 1). I avsnitta nedanfor vert dei enkelte tiltaka meir utfyllande omtalt.


**Tabell 1.** Oppsummering av vurderte tiltak med grad av prioritering, samt tilhøyrande kommentarar.

| Tiltak                     | Prioritering | Kommentarar                                                                                                                                                                                              |
|----------------------------|--------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Tidleg jaktstart           | Høg          | Svært aktuelt som bestandsregulerande verkemiddel. Der godkjent forvaltningsplan føreligg kan Statsforvaltaren opne for jakt frå og med 21. juli. Jakta bør organiserast med mål om eit effektivt uttak. |
| Etablering av friområde    | Høg          | Høgt prioritert tiltak i kombinasjon med tidleg jaktstart. Avsatte areal er vist i figur 6.                                                                                                              |
| Kartlegging og overvaking  | Høg          | Ynskjeleg å heve kunnskapsgrunnlaget i høve til hekkeområder, antall hekkande par og bestandsstorleik i samarbeid med SV, BirdLife og lokale                                                             |
| Skremmetiltak              | Middels      | Arbeidskrevjande og varierende grad av effekt. Bruk av lydkanon og fugleskremsel har låg effekt. Manuell skremming aktuelt men bør gjerast organisert for å unngå å berre flytte problemet til "naboen". |
| Skadefelling               | Middels      | Kan berre nyttast unntaksvis dersom dokumentasjon på skade føreligg og andre tiltak er prøvd tidlegare.                                                                                                  |
| Ordinær jakt               | Låg          | Mykje av grågåsa er allereie vekk før den ordinære jakta startar. I praksis bør uttak av gås skje under "tidleg jakt" for å ha effekt.                                                                   |
| Inngjerding mot vatn/beite | Høg          | Kan ha god effekt mellom sjø/eng på forsommaren før ungane er flygedyktige. Begrensa effekt for ikkje-hekkande fugl.                                                                                     |
| Eggsanking                 | Middels      | Vanskeleg å finne reir og dermed vanskeleg å gjennomføre i praksis.                                                                                                                                      |

## Ordinær jakt

Jaktretten tilhøyrar grunneigar. Det er opna for jakt på grågås i tidsrommet 10. august-23. desember. Det vert felt eit aukande tal grågås i gamle Hordaland fylke, og utviklinga i fellingstal gjenspeiler truleg utvikling i bestandsstorleik (Figur 5). I Bømlo vert det rapportert svært få fellingar kvart år. For jaktåret 2022/2023 var det felt 20 grågås i Bømlo kommune, men tala er usikre ifølge SSB (tabell nr. 07514).

Det er eit ynskje frå sentralt hald om at bestanden av grågås primært skal forvaltast gjennom ordinær jakt. I Bømlo let dette seg vanskeleg gjere då gåsa vanlegvis allereie har starta å trekke vekk før ordinær jaktstart startar 10.august, og den ordinære jakta har følgeleg hatt låg effekt.



**Figur 5.** Felte grågås i Hordaland i perioden 2000-2018. Henta frå [www.ssb.no](http://www.ssb.no).

## Tidleg jakt

Statsforvaltaren kan opne for jakt inntil 20 dagar før ordinær jaktstart viss det føreligg godkjent lokal forvaltningsplan, i høve til §3 i «Forskrift om jakt- og fangsttider samt sankning av egg og dun for jaktseongene fra og med 1. april 2022 til og med 31. mars 2028». Føremålet med tidleg jakt er å redusere skadeomfanget på dyrka mark i tillegg til at uttaket av gås skal ha ein bestandsregulerande effekt. I perioden med tidleg jakt, kan det berre opnast for jakt innanfor ei viss klokkeslett, og på eit avgrensa areal.

For å ha ei så effektiv jakt som mogeleg synar erfaringar frå andre stadar at ein bør ha organiserte og intensive jaktøkter og periodar med jaktstopp (Fredriksen 2017). Dersom det vert jakta kontinuerleg over store områder vil truleg gåsa starte hauststrekket tidlegare, og problema blir endå større året etter. Jaktinnsats og fellingstal bør registrerast slik at ein seinare kan evaluere effekten av tiltaket.

Erfaringar frå andre stadar syner at tidleg jakt kan vere effektivt (Gundersen 2016), og særleg i kombinasjon med andre tiltak som friområde (sjå under). Tiltaket har høg prioritet.

### Friområde

Friområde er område som vert sett av til grågåsa, der det ikkje skal gjennomførast andre skadeforebyggjande tiltak som til dømes skremming eller jakt i løpet av året (utanom jakt i ordinær jakttid). Tiltaket har høg prioritet, og er rekna som svært viktig for å unngå at grågåsa vert unødig stressa og trekk unna utan at ein får utnytta tidleg jakta. Kartet nedanfor viser areal som vert satt av til friområde (markert med rosa polygonar) (Figur 6). Dette gjeld følgjande område: Toska, Olvondo, Søre Lyklingholmen, Lyngøy, Geitung, Otterøy, Risøy, Slåtterøy, Espevær, Børøy, Hjartnes, Brattøya, Barane, Straumøy og Folderøyholmen. I tillegg skal område Moster, Langevåg utanom Vorland, Børøy og dyrka areal og innmarksbeite som ligg nær til Storavatnet på Bremnes.



**Figur 6.** Areal som vert satt av til friområde (markert med rosa polygonar).

### **Skadefelling**

I høve til viltforskrifta §3 kan skadefelling av grågås berre gjerast etter godkjent søknad frå kommunen. Søknad kan berre innvilgast dersom vilkåra etter §3-3 vert fylgt. Vilkåra tek føre seg at skadane er eller kan bli av vesentleg økonomisk betydning. Uttaket skal rettast mot bestemte individ og tidlegare skadeforebyggande tiltak skal vere forsøkt. Effekten av tiltaket kan forlengast om ein lar den døde gåsa ligge på jorden for å trekke til seg ørn og andre rovfugl som held gåsa vekk frå området.

Våren 2019 vart det innvilga søknad om skadeløyve hjå fem gardbrukarar på Bømlo. Desse var: Håkon Staveland, Rune Nordtun, Runar Aga, Eivind Nesse og Jan Sigve Særsten. Skadeløyva gjaldt felling av inntil 3 grågås på kvar av bruka. Alle kunne dokumentere tidlegare skade og at det var forsøkt andre tiltak som skremming, utan særleg hell.

På lengre sikt er det ynskeleg at ein er restriktiv ved tildeling av skadeløyver då intensjonen med skadefelling er å redusere skadeomfanget lokalt og auka effekten av andre skremmetiltak. Tiltaket har middels prioritering.

### **Eggsanking**

Sanking av egg er også ein grunneigarrett og egg kan sankast fram til og med 15. april.

I tillegg kan Statsforvaltaren godkjenne sanking av egg frå grågås seinare enn 15. april viss tiltaket er ein del av godkjent lokal forvaltningsplan.

Eit slikt tiltak kan i «teorien» ha stor bestandsregulerande effekt, men viser seg å vere vanskeleg i praksis i høve til å finne reir. Tiltaket har middels prioritering.

### **Inngjerding mot vatn/beite**

Føremålet med tiltaket er å skape ei fysisk sperre mellom vatn og innmarka ved bruk av gjerde for å unngå at ikkje flygedyktige fuglar kan få tilgang til areala. Gjerdet kan være av typen saueneetting viss det skal brukast saman med dyr på beite. Ved å gjera dei sjønære eng- og beiteareala mindre tilgjengelege vil ein truleg kunne redusere omfanget av beiteskadar i denne tida. Tiltaket har berre effekt for hekkande fugl med ungar i tida dei ikkje er flygedyktige. For ikkje-hekkande gås, som vanlegvis opptre i større flokkar, har tiltaket avgrensa effekt. Tiltaket vert sett til å ha høg prioritering.

### Skremmetiltak

Her inngår fleire ulike typar av skremming, mellom anna manuell jaging med eller utan bruk av hund, fugleskremsel, gasskanon, laserpeikar etc. Manuell jaging er effektivt på kort sikt, men arbeidskrevjande. Skil tiltaket ha effekt på større skala bør skremming organiserast på eit større område, og i kombinasjon med andre tiltak (friområde). Statsforvaltaren opplyste i 2020 at dei har laserpeikar som skremmemiddel til utlån, og som kommunen meiner det kan vere verdt å prøve ut lokalt. Bruk av fugleskremsel, dragar og gasskanon har låg effekt over tid. Tiltaket har middels prioritet.



**Foto:** Bruk av drage/kunstig hauk som heng fritt i ei mjuk stong. Tiltaket hadde noko effekt i starten, men låg effekt over tid. Frå Sæverud, juni 2019. Foto: Morten Meland.

### Kartlegging og overvaking

I dag veit me litt i høve til bestandsstorleik og viktige hekkeområde i kommunen, der lokallaget til organisasjonen BirdLife Norge er ein mogeleg aktør for innhenting av kunnskap. Det er ynskjeleg med auka merksemd på kartlegging av grågåsbestandane for å auke kunnskapsgrunnlaget i høve til naturmangfaldlova §8. Dette særleg med tanke på å få ein betre oversikt over talet på hekkande par grågås i kommunen. Ein sikrare oversikt vil gje eit betre grunnlag for å setje berekraftige mål for vidare forvaltning av grågås i framtida. Eit viktig grunnlag her er å halde fram med å fugleteljningane og i så stor grad som mogeleg skilje mellom årsungar og vaksen fugl for å få endå betre oversikt over talet på hekkande par. Kartlegging av beiteskadar bør halde fram for å få betre oversikt av skadeomfanget i kommunen.

## Konklusjon

Planen som føreligg er eit viktig utgangspunkt for vidare forvaltning av grågås i kommunen. Effekten av føreslegne tiltak er likevel noko uviss. Ny kunnskap og erfaringar undervegs må difor inkluderast i planen ved særlege behov, og planen er soleis adaptiv. Forvaltningsplanen bør reviderast på ny før neste planperiode, der ein evaluerer effekten av føreslegne tiltak ut ifrå dei fastsette målsetjingane. For at tiltaka i planen skal vere rettskraftige, krev det godkjenning av planen frå Statsforvaltaren. Følgjande paragrafer vert føreslegne for forskrifta:

- § 1. Føremålet med forskrifta er å avgrense skadeomfanget på dyrka mark og regulere grågåsbestanden i tråd med måla i forvaltningsplan for grågås i Bømlo kommune.
- § 2. Det vert opna for tidleg jakt etter grågås frå og med 21. juli til og med 9. august.
- § 3. I perioden med tidleg jakt er det berre lov å jakte på areal utanom dei definerte friområda i Forvaltningsplan for grågås i Bømlo kommune.
- § 4. Jakt kan berre utøvast på morgonen innanfor tidsrommet kl. 04.00–10.00.
- § 5. Statsforvaltaren kan når som helst oppheva forskrifta dersom ho ikkje medfører ynskja verknader.

## Litteratur

- Bentsen, V.J. 2018. Forvaltningsplan for grågås i Nordland 2019-2025. Prosjekt Utmark.
- Fox, A. D., Elmberg, J., Tombre, I. M. & Hessel, R. 2016. Agriculture and herbivorous waterfowl: a review of the scientific basis for improved management. Biological Reviews DOI: 10.1111/brv.12258. <http://onlinelibrary.wiley.com/doi/10.1111/brv.12258/epdf>
- Fredriksen, F. 2017. Body mass dynamics in autumn staging geese, their response to hunting and optimal hunting arrangements. Master Thesis, Inland Norway University of Applied Sciences, 33 s.
- Gundersen, O.M. 2016. Evaluering av forvaltningsplaner for gjess. Norges Bondelag. 23 s.
- Powolny, T., Jensen, G.H., Nagy, S., Czajkowski, A., Fox, A.D., Lewis, M., Madsen, J. (Compilers) 2018. AEWA International Single Species Management Plan for the Greylag Goose (Anser anser) - Northwest/Southwest European population. AEWA Technical Series, Bonn, Germany.
- Shimmings, P. & Heggøy, O. 2017. Grågås i Nordland – Et estimat på hekkebestand i 2017. NOF-Rapport 2017-3. 29 s.
- Shimmings, P. & Øien, I.J. 2015. Bestandsestimater for norske hekkefugler. NOF-rapport 2015-2. 268 s.
- Steinsvåg, M.J. 2008. Forvaltningsplan for gjess i Hordaland: Utfordringer, målsetjingar og tilrådingar – Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavdelinga. MVA-rapport 3/2008. 44 s. + vedlegg.

### Munnlege kjelder:

Njål G. Slettebø (Bømlo kommune)  
Odd Halleråker (BirdLife)  
Gunnar Olsen (BirdLife)  
Runar Aga (Bømlo Bondelag)  
Svein Trygve Larsen (Bømlo – Stord Bonde- og småbrukarlag)  
Ivar Tuøy (Bømlo Jakt- og Fiskelag)  
Miriam Sortland (Bømlo Naturbruksutval)  
Håkon Staveland (grunneigar)  
Eivind Nesse (grunneigar)  
Rune Nordtun (grunneigar)  
Jan Sigve Særsten (grunneigar)  
Arne Follestad (forskar, NINA)

### Internettkjelder:

[www.artsobservasjoner.no](http://www.artsobservasjoner.no)  
[www.ssb.no](http://www.ssb.no)  
[www.nibio.kilden.no](http://www.nibio.kilden.no)

